



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for oktober 2009.

Distrikt 2280
Klubbnr. 12713

Årgang 45



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Oddvar Haugen
Visepres:	Vigdis Riise
Sekretær:	Trygve Riise
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres:	Johan Ole Brandal
Styremedlem:	Magnar Hatløy
Styremedlem:	Anders Riise
Ansv.red.:	Håvard Myrene
Referent:	Kirsti Øvrelid

Fødselsdagar i oktober

Sigbjørn Haddal	3. okt
Wenche Jøssok	6. okt
Karl Johan Brandal	16. okt
Trygve Riise	31. okt

Frammøteprosent i oktober: 68,4 %

Ord over grind.

Du går fram til mi inste grind,
og eg går óg fram til di.
Innanfor den er kvar av oss einsam,
og det skal vi alltid bli.

Aldri trenge seg lenger fram,
var lova som galdt oss to.
Anten vi møttes tidt eller sjeldan
var møtet tillit og ro.

Står du der ikkje ein dag eg kjem
fell det meg lett å snu
når eg har stått litt og sett mot huset
og tenkt at der bur du.

Så lenge eg veit du vil koma iblant
som no over knatrande grus
og smile glad når du ser meg stå her,
skal eg ha ein heim i mitt hus.

Mandag 5. oktober 2009

Denne mandagen var det Sverre Ulstein sin tur å halde Ego-fordrag.

Sverre vart fødd i 1952 i Iva-garden på Ulstein, foreldra var Hans Lauritzson Ulstein og Gerd, fødd Welle, frå Sykkylven. Han er eldst av 5 syskjen, etter han kom 3 jenter før yngste broren.

I barndomen var han tidleg med på å hjelpe faren i steintaket. Han fekk tidleg ansvar, og køyrdé m.a. lastebil som 12-åring. Han omtala seg sjølv som "ei utålmodig sjel". I skuletida sleit han med dysleksi, men hadde likevel tenkt å å vidare på realskulen, hadde det ikkje vore for at han miste opptaksprøva på grunn av influensa. Han valde i staden yrkesskulen i Ørsta, plan B, som ga meisterbrev i byggfaget.

Han var bygningsmann i 13 år, og dreiv som sjølvstendig næringsdrivande (Ulstein og Osnes), og jobba ein del i lag med Hatlø Byggelag. Han jobba også på Libra Plast og Skorpa Fiberglas.

Han traff tidleg kona si, Oda Marie Åkervik. Dei gifte seg i 1974, og same året bygde han eige hus (i tillegg til vanleg jobb). Han gjorde alt arbeidet med unntak av tomtegraving og elektrisk arbeid, begynte i april og flytte inn veslejulafta. I 1977 vart sonen Severin fødd, han jobbar no på Rolls Royce. Daniel kom i 1981, utdanna byggingeniør og gift og busett i Narvik, og i 1988 kom Dina Mari, som framleis er under utdanning.

Siste huset han sette opp var Einar Arne Riise sitt, for i 1981 skifta han beite og begynte, via Møre Montasje, i Nordsjøen. Han jobba første tida litt på land og litt offshore medan han opparbeidde seg verkstadtid og tok mekanikarutdanning. AUF la via NKS til rette fagbrev på industrirørlegging og mekanisk. Og i 1988 begynte han i jobb på Statoil si Gullfaksplattform. Den tida var det få plattformer i Nordsjøen, no er der ein "heil by" av plattformer. Han var ført til skipsmekanikar i 1 år, så vart han prosessteknikar (og tok prosessteknikarfagbrev på 1 år). Frå 1991 hadde han jobb i kontrollrommet, og han er no fagansvarleg planleggar. Han vart også først verneombud, så tillitsvald, hovudtillitsvald og hovudverneombud på Gullfaksfeltet. Han har vore med i arbeidsmiljøutvalet i 15 år og er framleis med. Han er leiar for arbeidstakarsida, arbeidstakar- og arbeidsgivarsida har formannsvervet annakvart år.

På fritida er det musikken som er den store hobbyen, han spelte klarinett både i "guttemusikken" og i Ulf. Då han i 1971 var på sesjon ønskte han seg gardemusikken, men hamna i garden si drilltropp i staden. Det var oppdragande og utviklande, og han fekk vere med på mykje både i inn- og utland. Dei vart særleg populære i Tyskland, medan største opplevelinga verka å vere Edinburg Tattoo der dei var i 9 veker og m.a. vart beste tropp i oppvisning. Ei tragisk oppgåve i militærtida var då dei måtte vere med å opprydding og innsamling av dei omkomne etter flyulukka i Asker vesle julafta i 1972.

Takk til Sverre for eit svært interessant ego-foredrag!

Mandag 12. oktober 2009

Som vanleg vart møtet opna med ein song, deretter kom Elias Sellevoll med helsing og vimpel frå Nessebar Rotaryklubb i Bulgaria.

Kvelden sitt tema var

Historia bak finanskrisa

ved avdelingsbanksjef i Nordea, Bergsvein Øvreliid.

Han heldt eit svært interessant foredrag om kva som var bakrunnen for finanskrisa i 2007-08.

Han opna med å seie at norske bankar har vore skåna hittil, og viste til ein artikkel i Dagens Næringsliv der sentralbanksjef Svein Gjedrem uttalar at alle tiltaka som er gjorde i Norge har hindra at finanskrisa har utvikla seg til ei realøkonomisk krise her.

Bakrunnen for krisa meinte han kjem frå USA sine spesielle subprime-lån, lån som vart gitt til låntakarar med lav inntekt, lite eigendeler og därleg kreditverdigheit. Dei fleste av desse låna vart gitt med svært lav rente og deretter renteaude kvart halvår, og avdragsfratak første åra. I løpet av perioden 1996 til 2006 vaks desse låna frå nær 0 til 600 milliardar USD, i dag er lånemassa på 1,3 billionar USD.

Utlånarane gambla på at boligprisane skulle halde fram å stige, men når boligprisbobla sprakk (boligprisane har falle 13% sidan toppen i 2006) samtidig med at låntakarane skulle begynne å betale og ikkje hadde inntekt til det, gikk det gale og USA sine "huslånsbankar" Fanny Mae og Freddie Mac gikk overende. Eit sær preg med dei amerikanske boliglåna er at låna er knytte til boligen, ikkje til låntakaren. Viss låntakaren ikkje klarer å betale, kan han levere husnøkkelen til banken og vere kvitt lånet (og huset).

I september 2008 gikk den første storbanken, Lehmann Brothers, overende, og dette starta det verkelege raset. Pengemarkedet (likviditetsmarkedet) stoppa opp, og det var ikkje råd å få tak i pengar til å låne ut. Det offentlege kom raskt på bana med tiltakspakkar i dei fleste land, og dette verka. I Norge var særleg DnB NOR på kanten av stupet pga. store obligasjonslån som forfall akkurat då kriza var på det verste, men staten sine tiltakspakkar berga banken. Mange andre bankar har også nytta desse pakkane, og dette har gjort at likviditets-situasjonen no er mykje bedre.

Krisa har ført til at fokus på **solide** bankar er mykje sterkare. Norges Bank sitt "Gullkort" skal vare i 3 år, men ein del makroøkonomar er bekymra for at viss alle tilførte pengar blir verande, kan vi få ei boble. Det er difor viktig å fase dette ut. Ein del store internasjonale konsern trekte seg ut av engasjement i Norge denne perioden, dette har skapt problem, særleg for ein del reiarar. Eksportindustrien i Norge har merka finanskrisa godt, medan den "interne" marknaden lever som før.

Øvrelid stilte spørsmål om det kan vere sunt med ei finanskrise innimellom for å rydde opp i engasjement og bedrifter som ikkje er sunne, men påpeika at det er viktig at ikkje krisene tar livet av levedyktig industri. I framtida ser Øvrelid føre seg at renta skal opp, det bør den, for lav rente er teikn på usunn økonomi. Gjedrem skisserer ei pengemarknadsrente rundt 5%, som vil gi ei boliglånsrente på rundt 6%, i løpet av 2011-2012.

Etter foredraget vart det ein livleg debatt, dette var tydeleg eit emne som engasjerte!

Mandag 19. oktober 2009

Vi vart møtte av flott dekka bord med lauv og blomster i haustfargar og levande lys.

Etter opningssongen helsa Karin Svendsen Holstad frå Ingrid, som er på besøk i Australia. Ho helste spesielt frå Dick som var på besøk i Norge (og på Rotay-møte) i fjor.

Rekene med tilbehør smakte fortreffleg, hjartans takk til komitéen som laga så flott til!

Mandag 26. oktober 2009

Johan Ole Brandal leia møtet i presidenten sitt fråver og orienterte om programmet framover hausten.

Karin Svendsen Holstad kom med forslag om å flytte røyrafesten til klubbhuset, dette fordi det er meir praktisk med bedre kjøken, større plass og at det er vanskeleg å få nok varme på Holesanden om hausten. Det vart utsett å ta standpunkt til dette og Johan Ole ba medlemmene om å tenke over det til neste møte. Einar Holm minte også om at det er nokre få eldsjeler som tar på seg alt arbeidet med fisken, og ba om at fleire trår til med hjelp her.

Halkjell Dahle kom med helsing frå Sanjayan Selvamanickam. Han jobbar i Oslo, men resten av familien flyttar no til London. Sanjayan skal foreløpig vekependle mellom Oslo og London. Han har meldt seg inn i Majorstua Rotaryklubb. Halkjell kom også med helsing frå "gamlepresten" Dag Håland, som no er prest i Asker.